



Innst. S. nr. 166

(2007-2008)

Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

St.prp. nr. 39 (2007-2008)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om endringer i statsbudsjettet for 2008 i samband med etterbetaling av pensjon og renter til statsarbeidarar mv.

Til Stortinget

1. SAMMENDRAG

1.1 Etterbetaling av lønn og renter til statsarbeidarar

Ei rekkje tidlegare statsarbeidarar har anten ikkje motteke pensjon frå Statens Pensjonskasse, eller pensjonen har vore for liten. Omgrepet "statsarbeidar" har vore nytta om yrkesgrupper innan staten som ikkje har vore funksjonærar, og ikkje omfatta av hovudtariffavtala i staten. Problemet har særleg oppstått når statsarbeidaren ikkje har halde fram i tenesta til pensjonsalder, men gått over i ei anna stilling. Manglande eller feil pensjonsutbetalingar til statsarbeidarane har dels samanheng med lite føremålstenlege rutinar knytte til registrering av tenestetid som statsarbeidar, og dels med svak oppfølging både frå den einskilde arbeidsgjevar og frå Statens Pensjonskasse (SPK). Ein viser til omtale av saka i St.prp. nr. 69 (2006-2007) og St.prp. nr. 6 (2007-2008).

Det er styret i Pensjonskassa som vedtek etterbetaling av pensjon inntil 13 år attende i tid. Etterbetaling av pensjon utover 13 år blir innvilga av departementet. Tidsavgrensinga på 3 og 13 år har samanheng med foreldingsfristar fastsette i medhald av foreldingslova av 1979.

Det er berre spørsmålet om rentekompensasjon som formelt sett er lagt fram for departementet. Departementet har likevel valt å vurdere spørsmål om etterbetaling av pensjon i tillegg. Statsarbeida-

rane har kome i ein uheldig situasjon, ved at nokre har motteke for liten pensjon og nokre ikkje har motteke pensjon. Dette ynskjer Fornyings- og administrasjonsdepartementet å rydde opp i. Departementet vil difor se bort frå dei vanlege foreldingsfristane i denne spesielle saka, og fråvike vanleg praksis for etterbetaling av pensjon og renter.

Departementet meiner at saka bør løysast etter desse prinsippa:

- Statsarbeidarane i dei tidlegare militære verksemdene vert gjevne etterbetaling av pensjon frå tida då pensjonsretten oppsto, men tidlegast frå 1. desember 1973 (dvs. utover 13 år).
- Statsarbeidarane i sivile verksemdar vert gjevne etterbetaling av pensjon frå tida då pensjonsretten oppstod, men tidlegast frå 1. januar 1982 (dvs. utover 13 år).
- Etterbetaling vert gjeve på same vilkår, anten medlemmen/den etterlatne har fått ein pensjon som er for liten, eller pensjonen ikkje har vorte betalt i det heile.
- Retten til etterbetaling omfattar både alders-, uføre- og etterlatnepensjon.
- Ein gjev renter for 13 år tilbake i tid, med 6,5 pst. rente for dei som ikkje har krav på morarenter.
- Ein gjev ikkje rente av rente (rentesrente).
- Ein gjev generell informasjon som kan gjere det mogleg for tidlegare statsarbeidarar eller arvingar å setje fram krav om eventuelle pensjonsrettar.

Løysinga av saka etter desse prinsippa byggjer på at den einskilde statlege arbeidsgjevar har eit ansvar for at melding om pensjon ikkje vart send Statens Pensjonskasse. Dette gjaldt heilt frå 1. desember 1973 for dei tre tidlegare militære verksemdene, og frå 1. januar 1982 for dei sivile verksemdene. Det er

etter departementet si meining ikkje naudsynt å dele ansvaret mellom den einskilde arbeidsgjevar og Statens Pensjonskasse, då begge er ein del av staten.

Det er usikkert kor stor løyvinga må vere for å dekkje opp etterbetaling av pensjon og betaling av rente. Kostnadene knytte til framlegget er truleg om lag 234 mill. kroner.

Det har allereie vore lagt inn i løyvinga for Statens Pensjonskasse 75 mill. kroner for 2007 og 75 mill. kroner for 2008, til saman 150 mill. kroner. Desse beløpa er altså knytte til ei meir restriktiv etterbetaling av pensjon og renter enn det departementet har gått inn for. Statens Pensjonskasse har ei overslagsløyving for pensjonar. Dei samla kostnadene er om lag 84 mill. kroner høgare enn det som allereie er løyvd i statsbudsjettet for 2007 og 2008.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1542 Statens Pensjonskasse post 1 Driftsutgifter med 84 mill. kroner.

1.2 Omdisponering av løyvingar til Direktoratet for forvaltning og IKT

Direktoratet for forvaltning og IKT vart etablert 1. januar 2008. Direktoratet vil ha om lag 100 tilsette. I tillegg kjem det som ein vurderer å overføre av ressursar og tilsette frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

I samråd med direktoratet arbeider departementet med å avklare grenseflatene og samhandlinga i oppgåveportefølja mellom dei to verksemdene. Det er inntil vidare lagt til grunn ei overføring på 18 årsverk. I tillegg kjem løyvingar knytte til oppgåver til mellom anna fornying og IKT.

Det er enno knytt uvisse til omfanget av overføringa. For at departementet skal kunne stille naudsynte løyvingar til disposisjon for direktoratet i perioden fram til det endelege omfanget av overføringa vert avklara, ber Regjeringa om at Stortinget gjev Fornyings- og administrasjonsdepartementet fullmakt til å omdisponere løyvingar i statsbudsjettet for 2008.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget i samband med Revidert nasjonalbudsjett våren 2008 med forslag til løyvingsendringar. Endringane skal ikkje medføre auke eller nedgang i vedteken løyving for 2008.

2. KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, lederen Tore Hagebakken, Saera Khan, Inger Løite, Tom Strømstad Olsen og Arild Stokkan-Grande, fra Fremskrittspartiet, Per-Willy Amundsen, Åge Starheim og Ib Thomsen, fra Høyre, Kari Lise Holmberg og

Bent Høie, fra Sosialistisk Venstreparti, Rolf Reikvam, fra Kristelig Folkeparti, Bjørg Tørresdal, fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, og fra Venstre, Vera Lysklætt, slutter seg til forslagene i proposisjonen.

Komiteen viser til vedlagte brev av 21. februar 2008 fra statsråd Heidi Grande Røys der det informeres om en feil i proposisjonen som ikke har hatt noe å si for beregningen og forslaget til vedtak.

Komiteen mener det er et stort ansvar å forvalte befolkningens pensjonsrettigheter. Komiteen vil understreke at det er grunnleggende viktig at folk skal føle seg trygge på at de får utbetalt den pensjonen de har opparbeidet seg rettigheter til å få. Komiteen mener det er en sentral oppgave for både arbeidsgivere og myndighetene å sørge for at så skjer. Komiteen er kjent med at det gjennom spørsmål som stilles fra kontroll- og konstitusjonskomiteen til Riksrevisjonen og Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil bli avklart om det er truffet tiltak for å forbedre rutineene vedrørende pensjoner fra Statens Pensjonskasse.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener det er et stort ansvar å forvalte befolkningens og arbeidstakernes pensjonsrettigheter. Arbeidstakere, som er medlem av en pensjonskasse, baserer sin økonomiske fremtid som pensjonister på de forutsetninger og det tillitsforhold som opprettes mellom dem og den aktuelle pensjonskassen. Disse medlemmer anser det som sterkt kritikkverdig at Statens Pensjonskasse (SPK), og de virksomheter som hadde ansvar for registrering og innmelding, ikke har fulgt opp sitt ansvar.

Det er, slik disse medlemmer ser det, et svært dårlig signal å sende alle de medlemmer av SPK som nå frykter at heller ikke deres fremtidige rettigheter blir ivaretatt slik de forutsetter, når SPK gjør grove feil og bruker urimelig lang tid på å rette dem opp etter at de har fått kunnskap om forholdene. Disse medlemmer mener derfor det er påkrevd med en gjennomgang av SPKs virksomhet for å sikre at forsvarlige rutiner følges og at alle de medlemsgrupper som baserer sin fremtid på korrekte ytelser fra SPK, blir ivaretatt. Det må også foretas en vurdering av om styret i SPK bør gis en bredere sammensetning for å øke mulighetene for bedre kontroll og oppfølging av den kompliserte virksomheten SPK driver. Iflg. Laagendalsposten har SPK i minst tre år hatt kunnskap om at statsarbeiderne ikke hadde fått det de hadde krav på. Disse medlemmer anser dette som helt uakseptabelt og bør få konsekvenser for det ansvarlige styret.

Disse medlemmer er enige med departementet i at det ikke er rimelig at den enkelte statsar-

beider skal ha ansvaret for manglende eller gale pensjoner og at staten må kompensere det pensjonstapet statsarbeiderne har lidd. Disse medlemmer støtter Regjeringens forslag til løsning av saken og understreker at informasjonen til tidligere statsarbeidere og eventuelle arvinger, som kan danne grunnlag for krav, må være omfattende og gi alle nødvendige opplysninger. Disse medlemmer forutsetter nå at alle de statsarbeidere, deres familier og etterlatte som er blitt utsatt for dette overgrepet, får alle sine rettigheter, med renter, etterbetalt og at informasjonen til dem det gjelder er fyldestgjørende.

Disse medlemmer vil for øvrig vise til at en samlet komité i Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008) tok opp spørsmålet knyttet til korrekte og tidsriktige pensjonsutbetalinger i pensjonsberegningene.

Komiteens medlemmer fra Høyre slutter seg til forslagene i den fremlagte proposisjonen, men vil samtidig vise til omfattende rot i utbetalinger av pensjoner fra Statens Pensjonskasse (SPK) som også er årsaken til etterbetalingen. Disse medlemmer vil videre vise til at Høyres fraksjon har tatt saken opp i kontroll- og konstitusjonskomiteen, og at komiteen som en følge av dette har stilt spørsmål til

både Riksrevisjonen og til Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Blant annet bes det om en redegjørelse av de revisjonsmessige undersøkelser som er gjennomført av SPK i forbindelse med den årlige revisjon og kontroll, samt en avklaring av om de ovennevnte feilutbetalinger på noe tidspunkt har vært gjort kjent for Riksrevisjonen. Disse medlemmer viser også til spørsmålene stilt til FAD der statsråden bes redegjøre for om kontrollordningene er tilstrekkelige og eventuelt hvilke har statsråden iverksatt for å forbedre kontrollordningene.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre imøteser svar på disse spørsmålene. Disse medlemmer har imidlertid merket seg at denne saken synes å ha blitt løst på grunn av statsarbeidernes uttrettelige engasjement og stå-på-vilje for å få det de rettmessig har krav på, og ikke et tilsvarende engasjement fra SPKs side for å få løst saken. Disse medlemmer mener det er svært viktig at folk skal kunne føle seg trygge på at de får utbetalt den pensjonen de har opparbeidet seg rettigheter til å få. Disse medlemmer mener det er en selvfølge at både arbeidsgivere og myndigheter skal sørge for at så skjer.

3. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k :

I

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
		Utgifter	
1542		Tilskudd til Statens Pensjonskasse	
	1	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 8 794 000 000 til kr 8 878 000 000	84 000 000

II

Omdisponeringsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2008 kan omdisponere løyvingar frå kap. 1500 Fornyings- og administrasjonsdepartementet post 1 Driftsutgifter og post 21 Spesielle driftsutgifter, kap. 1560 Spesielle IKT-tiltak post

22 Samordning av IKT-politikken, og kap. 1561 Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram post 70 Tilskudd til internasjonale program til kap. 1521 Direktoratet for forvaltning og IKT postane 1 Driftsutgifter, 21 Spesielle driftsutgifter og 22 Min Side.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 6. mars 2008

Tore Hagebakken

leder

Trygve Slagsvold Vedum

ordfører

Vedlegg

Brev fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet v/statsråden til Stortingets presidentskap, datert 21. februar 2008

Retting av feil i St.prp. nr. 39 (2007-2008)

Eg viser til St.prp. nr. 39 Om endringar i statsbudsjettet for 2008 i samband med etterbetaling av pensjon og renter til statsarbeidarar mv.

I proposisjonen under punkt 1.5 Utbetaling av renter, 3. avsnitt går det fram at departementet vil tilrå at ein gjev rente etter ein rentesats på 6,5%, i inn-til 13 år. Vidare står det:

"Rentesatsen svarar til satsen Pensjonskassa har fastsett i medhald av pensjonskasselova § 17."

Dette er feil. Rentesatsen som er fastsett i medhald av § 17, var 6,5% i perioden 1974 - 2006. Styret i Statens Pensjonskasse vedtok i desember 2005 at frå 1. januar 2006 skal renta etter § 17 tilsvare den til ein kvar tid gjeldande forseinkingsrentesats etter Lov om forseinka betaling mv. Frå 2006 og fram til i dag har rentesatsen lege mellom 9,25% -12,25%.

Departementet ber om orsaking for feilen. Feilreferansen har likevel ikkje noko å seie for berekninga og forslaget til vedtak.